



REDEGJERING 2025

Openheitslova

Redegjering for aktsemdsvurdering

Verksemd: Jordalen Entreprenør AS, org. nr. 975930017

Dato: 08.01.2026

Rapporteringsperiode: 01.01.2025 – 19.12.2025

Generell informasjon

Aktsemdsvurderinga omfattar alle aktivitetar der Jordalen Entreprenør AS kan føre til, medverke til eller vere direkte knytt til brot på menneskerettane. Føremålet med aktsemdsvurderinga er å unngå å forårsake eller bidra til negativ påverknad eller skade på menneske, samfunn og miljø.

Jordalen Entreprenør AS er direkte omfatta av openheitslova si rapporteringsplikt, og me møter stadig oftare auka forventningar frå kundar og samarbeidspartnarar om å etterleve lovas intensjon og prinsipp.

For å kome i møte desse krava og bidra til openheit og ansvarlegheit i verdikjeda, gjennomfører me aktsemdsvurderingar i tråd med krava i openheitslova. Dette omfattar kartlegging av risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold hos leverandørane og samarbeidspartnarane våre, og dokumentasjon av tiltak vi set i verk for å førebyggje og handtere desse risikoane.

Denne redegjeringa er Jordalen Entreprenør AS sin fyrste.

Om Jordalen Entreprenør

Jordalen Entreprenør AS er lokalisert på Voss og blei etablert i 1988. I 1996 blei me eit aksjeselskap. Me utfører dei fleste typiske anleggsarbeida, som boring, sprenging, graving, masseflytting, natursteinsmuring, plastring, VA-anlegg, rivingsarbeid og fjell- og rassikring.


Selskapet har 28 tilsette.

Me nyttar i all hovudsak norske og skandinaviske samarbeidspartnarar til utføring av arbeidet vårt, og ved innkjøp av maskiner og utstyr me treng.

Alle selskapa me handlar direkte med, er norske, men nokre av desse vidareformidlar produkt (som delar og verktøy) som opphavleg kan vere produserte i mange ulike land rundt om i verda.

Aktsemdsvurderinga skal gjennomgåast årleg i leiinga si gjennomgang, eller når verksemda gjer store endringar, som til dømes ved aktivitet i eller innkjøp frå eit nytt land; om det blir utvikla eit nytt produkt eller ei tenestelinje som skil seg frå eksisterande tenestelinje; om innsatsfaktorane i eit produkt eller ei teneste blir endra; eller om ein re- strukturerer eller engasjerer seg i nye former for forretningsforbindelsar (fusjonar, oppkjøp, nye kundar og marknader).

Aktsemdsvurderinga blir gjennomført i tråd med [OECDs veileder for aktsomhetsvurderingar for ansvarlig næringsliv](#).



Når det gjeld menneskerettslege spørsmål, blir det vist til dei internasjonalt anerkjende menneskerettane, mellom anna

- Den internasjonale menneskerettslova (International Bill of Human Rights)
- Prinsippa om grunnleggjande rettar, fastsette i Den internasjonale arbeidsorganisasjonen si erklæring om grunnleggjande prinsipp og rettar i arbeidslivet frå 1998
- Den internasjonale arbeidsorganisasjonen si trepartserklæring om grunnleggjande prinsipp for fleirnasjonale selskap og sosiale forhold.

Negative konsekvensar og risiko

Jordalen Entreprenør AS har etablert ein metodikk for risikovurdering av brot på menneskerettane med definerte akseptkriterium. Me vurderer i kor stor skala og omfang brota på menneskerettane er, samt moglegheit for oppretting.

Det er ikkje avdekkja nokre faktiske negative konsekvensar.

Det er ikkje identifisert nokre vesentlege risikoar der Jordalen Entreprenør AS potensielt kan forårsake eller medverke til brot på menneskerettane.

Det er avdekt sju risikoar der Jordalen Entreprenør AS potensielt er direkte forbunde med brot på menneskerettane. Direkte forbunde vil seie at verksemda er knytt til negativ påverknad/skade gjennom ei anna eining. Desse risikoane er i hovudsak knytte til innkjøp av bilar, batteri og dekk, metall, røyr, datautstyr, verneutstyr og arbeidsskule, som er definerte på Høgrisikolista til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ).

Potensielle konsekvensar av desse innkjøpa rammar personar tidleg i verdikjeda, og kan vere: tvungen overtid, låge lønningar, helse- og tryggleiksproblem, manglande respekt for fagforeiningsrettar, miljøforureining og mindreårig arbeidskraft.

Tiltak

Jordalen Entreprenør AS har satt som tiltak å kartlegge leverandørane våre med tanke på menneskerettar, oppdatere innkjøpsrutinar og utarbeide etiske retningslinjer. Me vil kontrollere om dei vesentlege leverandørar som me nyttar, har gjort ein aktsomheitsvurdering.

Gjennomførte tiltak og effekt

Sidan dette er vår fyrste utgreiing, har me ikkje gjennomført nokre konkrete tiltak.

Offentleg utgreiing og informasjon

Jordalen Entreprenør AS vil offentleggjere ei utgreiing for våre aktsemdsvurderingar kvart år innan 30. juni, eller ved vesentlege endringar i risikovurderingane, i tråd med krava i openheitslova.

Utgreiinga vil vere tilgjengeleg på nettsidene våre og det vil bli vist til ho i årsberetninga.

Openheitslova gir allmenta rett til å be om informasjon om korleis Jordalen Entreprenør AS handterer negative effektar på grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Dersom du ynskjer slik informasjon, kan du sende ei skriftleg førespurnad til post@jordalen.no

Som hovudregel vil me svare på skriftlege førespurnader innan tre veker etter mottak.

Underskrifter:



John Jordalen

Styret sin leiar



Marianne Jordalen

Styremedlem



Roger Jordalen

Styremedlem



Håkon Helland

Dagleg leiar